



Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Vår referanse
20/650 22/8631

Dykkar referanse

Sakshandsamar
Kåre Kvangarsnes

Dato
25.10.2022

Åmelavassdraget - Åmela- Nordalselva - konsesjon: Høyring svar

Formannskapet har i møte 18.10.2022, sak 127/22, fatta følgjande vedtak:

Vanylven kommune er positiv til forslaget til Tussa Energi om å utarbeide plan og å iverksette tiltak for landskap og miljø i forhold til innkomne forslag til Norddalselva og Åheimselva, for å fremje betre oppvekstvilkår for fiske. Det vert viktig at dette arbeidet skjer i samarbeid med elveeigarlaga, grunneigarane og kommunen. Vanylven kommune støttar standpunktet til grunneigarane og elveeigarlaga om at vasstanden er viktig for fiskebestanden og for å hindre gjengroing, og bør ikkje neglisjerast. Ber derfor om at Tussa innfører minstevassføring i desse vassdraga.

Med helsing

Marte Saure
stabsleiar

Kåre Kvangarsnes
politisk sekretær

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Mottakar
Norges Vassdrags- og Energidirektorat (nve) Postboks 5091 Majorstua 0301 Oslo

Kopi til
Helge Kleppe
Tussa Energi AS Langemyra 6 6160 Hovdebygda
Volda kommune Stormyra 2 6100 Volda



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
127/22	Formannskapet	18.10.2022

Åmelavassdraget - Åmela- Nordalselva - konsesjon: Høyring svar

Samandrag:

Tussa Energi AS har utarbeidd eit revisjonsdokument for Åmelia kraftverk. Føremålet med dokumentet er å skaffe fram all informasjon som er relevant for å vurdere behovet for eventuelle skjerpa miljøkrav for reguleringa. NVE har lagt revisjonsdokumentet ut til offentleg høyring. Vanylven kommune er invitert i denne saka å ta eit standpunkt til revisjonsdokumentet som høyringsorgan. Bakgrunn for revisjonen er fleire krav frå grunneigar- og elveeigarlag i Vanylven om minstevassføring i Norddalselva og Åheimselva. Vanylven kommune har tidlegare støtta dette kravet.

Formannskapet 18.10.2022

Behandling:

Spørsmål om gildskap vart teke opp av ordførar Lena Landsverk Sande, varaordførar Ingebrigt Berget - grunneigarar Åheimselva og Bjarne Sætrenes - grunneigar i Åheimsvassdraget

Ordføraren foreslo Øystein Blom som setteordførar for å handsame spørsmålet om gildskap. Alle tre vart samrøystes kjende gilde.

Framlegg frå Ottar Jan Løvoll:

Vanylven kommune er positiv til forslaget til Tussa Energi om å utarbeide plan og å iverksette tiltak for landskap og miljø **i forhold til innkomne forslag til** Norddalselva og Åheimselva, for å fremje betre oppvekstvilkår for fiske. Det vert viktig at dette arbeidet skjer i samarbeid med elveeigarlaga, grunneigarane og kommunen. Vanylven kommune støttar standpunktet til grunneigarane og elveeigarlaga om at vasstanden er viktig for fiskebestanden og for å hindre gjengroing, og bør ikkje neglisjerast. Ber derfor om at Tussa innfører minstevassføring i desse vassdraga.

Framlegget frå Ottar Jan Løvoll vart samrøystes vedteke.

FO - 127/22 Vedtak

Vanylven kommune er positiv til forslaget til Tussa Energi om å utarbeide plan og å iverksette tiltak for landskap og miljø i forhold til innkomne forslag til Norddalselva og Åheimselva, for å fremje betre oppvekstvilkår for fiske. Det vert viktig at dette arbeidet skjer i samarbeid med elveeigarlaga, grunneigarane og kommunen. Vanylven kommune støttar standpunktet til grunneigarane og elveeigarlaga om at vasstanden er viktig for fiskebestanden og for å hindre gjengroing, og bør ikkje neglisjerast. Ber derfor om at Tussa innfører minstevassføring i desse vassdraga.

Vedtak:

Vanylven kommune er positiv til forslaget til Tussa Energi om å utarbeide plan og å iverksette tiltak for landskap og miljø i Norddalselva og Åheimselva, for fremje betre oppvekstvilkår for fiske. Det vert viktig at dette arbeidet skjer i samarbeid med elveeigarlaga, grunneigarane og kommunen. Vanylven kommune støttar standpunktet til grunneigarane og elveeigarlaga om at vasstanden er viktig for fiskebestanden og for å hindre gjengroing, og bør ikkje neglisjerast. Ber derfor om at Tussa innfører minstevassføring i desse vassdraga.

Vedlegg:

Høyring av revisjonsdokument for Åmelavassdraget, Vanylven og Volda kommuner, Møre og Romsdal

Kunngjering.PDF

Høyring av revisjonsdokument for Åmelavassdraget, Vanylven og Volda kommuner, Møre og Romsdal.PDF

AcosSvarInn.xml

Tilstanden i vassdraget

Melding om vedtak - Revisjon av vilkår for regulering av Åmelavassdraget i Vanylven og Volda kommunar

Innspeil frå grunneigara og elveeigara ved Norddalselva

Saksopplysningar:

Tussa Energi AS har utarbeidd eit revisjonsdokument for Åmela kraftverk med hjelp av konsulentfirma Sweco. Føremålet med dokumentet er å skaffe fram all informasjon som er relevant for å vurdere behovet for eventuelle skjerpa miljøkrav for reguleringa. NVE har lagt revisjonsdokumentet ut til offentleg høyring, der dei inviterer alle som har interesse i saka å uttale seg. Høyringsfrista er sett til 1.november 2022.

I NVE-rapport 49/2013 - om vasskraftkonsesjonar som kan reviderast innan 2022 vart ikkje Åmelavassdraget prioritert for revisjon. NVE vedtok likevel den 25 mai 2021 ein revisjon av konsesjonsvilkåra for Åmelavassdraget, og at Tussa skal lage eit revisjonsdokument. Bakgrunn for dette er krav frå Åheim Elveeigarlag og Vanylven kommune (brev datert 12.03.2020) for Åheimselva og Norddalselva. Vanylven kommune har støtta fleire interesseorganisasjonar (blant anna elveeigarlag og grunneigarar) om minstevassføring og biotopjusterande tiltak i begge elvane. Dette for å betre tilhøva for anadrom fisk i elvane, som også er viktig for friluftsliv og rekreasjon. For å unngå gjengroing vart det samstundes kravd betre vassgjennomstrøyming i elvane gjennom minstevassføring. Volda kommune meinte derimot at saka omhandla deira sin kommune i liten grad, og hadde ingen krav til Tussa.

Revisjonsdokumentet frå Tussa Energi konkluderer med følgjande, som er vedlagt denne saka:

Norddalselva:

Tussa er innstilt på å utføre biotopforbetrande tiltak som kjem fram i detaljplan for landskap og miljø for Norddalselva. Tiltaka skal betre tilhøva for yngel og fisken generelt (djupål, djupare kulpar med gytegrus og skjul) og legge til rette på den måten for auka for fiskebestanden i elva. Mekanisk fjerning av uønska kantvegetasjon er også eit positivt tiltak. Tussa meiner at desse tiltaka er mykje viktigare enn innføring av minstevassføring, som vil vere svært kostbart samfunnsøkonomisk. Eit lite supplement som minstevassføring er ikkje avgjerande for fiskelivet i elva, hevdar Sweco, og at det vert eit lite bidrag i høve til dagens vassføring. Tiltaket vil ikkje gje nemneverdige utslag med omsyn til gjengroing meiner Sweco.

Åheimselva:

Tussa ynskjer å lage ein detaljplan for landskap og miljø (tiltaksplan) i samarbeid med elveeigarlag, kommune med fleire og vidare søke om løyve til å realisere tiltaka. Samfunnsøkonomisk vil dette vere eit mykje betre tiltak enn å innføre minstevassføring frå Kvannalsvatnet. Sweco meiner at ei minstevassføring ikkje vil gjere det store utslaget på vassføringa.

Generelt:

Samla for vassdraga har Tussa berekna at krav til minstevassføring vil gje ein samfunnøkonomisk kostnad på omlag på 50 millionar kroner.

Vurdering og konklusjon:

Vanylven kommune har motteke innspel frå følgjande elveeigarlag, som er oppsummert slik:

Åheim Elveeigarlag (jf. brev datert 25.09.2022):

Åheim Elveeigarlag har sendt innspel til NVE på revisjonsdokument for Åmelavassdraga med kopi til kommunen. Elvelaget meiner vasstanden i Åheimselva er avgjerande for om elva skal vere ei god lakselv til glede for fiskarane og rekreasjon for innbyggjarane i området. Detaljplan for landskap og miljø som Tussa ynskjer å gjennomføre kan vere nyttig meiner elveeigarlaget, men manglar elva vassføring er det uansvarleg å opne elva for fiske. Tiltaket til Tussa vil då ha ingen verdi. Åheim Elvelag forklarar at laget har sett fiskevelferd i høgsete, fram om andre interesser. Dei meiner ein kan sjå resultat av dette dei siste åra, med gode rapportar frå vitenskapelege råd. Elveeigarlaget dokumenterer i notatet kva effekt vasstand har i elva, etter fiske i 2021 og 2022. To år med ulik vasstand som fylgje av ulike nedbørmengder, stadfestar på ein god måte at det er vatn i elva som gjev gode resultat vert det konkludert.

Vik Grunneigarlag/Elveigarlag/ Brudevoll grunneigarlag/ Syvde bygdeutvikling/ Landsverk elveigarlag/ Nordal og Tverberg grunneigarlag (kopi av e-post datert 10.10.2022) :

Organisasjonane meiner at tilstandsrapporten av Norddalselva ikkje er i tråd med tiltaksforslaga frå Tussa. Utifrå dokumentasjon som ligg føre vert det hevda at Tussa sitt forslag ikkje er godt nok i høve til lover, forskrifter og retningslinjer som gjeld. Elveeigarane og grunneigarane meiner det ikkje er tilrådeleg å gjere så lite med ei vurdering etter 6 år. Det er ynskjeleg at NVE krev Tussa for meir omfattande tiltak enn forslaget frå Tussa. Norddalselva bør utbetrast i samsvar med faglege kunnskapar fram til laksehølen punkt 4. Dei ser at det er mykje ny kunnskap i Miljødirektoratet i forhold til oppbygging og tiltak for å få laks og freda ål fram i elva. Dette i høve til gytehabitat, oppvekst av yngel og temperatur i elva. Organisasjonane er samde i at det hadde vore positivt å få laksetrappar med omsyn til laksen, då dette vil gje større område med gytehabitat. I høve til vatna på Nordalsfjellet, som har store problem med gjengroing, ligg der allereie inne eit pålegg frå NVE om opprydding . Gruppa meiner dette må utførast i tillegg til at ein får etablert minstevassføring/periodevassføring. Dei trur også dugnadarbeid må til, om forslaget vert vedteke. Vidare synes grunn- og elveeigarlaga at ei rimelegare løysing må vurderast med minstevassføring/periodevassføring i elva frå Sandfjellselva. Gruppa meiner at dei allmenne interessene oppvegar kostnadene med tiltaka som er foreslått.

Volda kommune (kopi brev datert 20.09.2022) :

NVE har gjort vedtak om revisjon av konsesjonsvilkåra for Åmelavassdraget. Dag Aamelfot har i skriv hatt merknader til m.a. minstevassføringa i Åmela. Når NVE først har gjort vedtak om revisjon av konsesjonsvilkåra vil Volda kommune be om at merkningen frå Dag Amelfot vedkomande minstevassføring i Åmela vert vurdert i samband med revisjonen.

Administrasjonen i Vanylven kommune er positiv til forslaget til Tussa Energi om å utarbeide plan og å iverksette tiltak for landskap og miljø i Norddalselva og Åheimselva, for å fremje betre oppvekstvilkår for fisk. Det er samstundes viktig at dette arbeidet skjer i samarbeid med elveeigarlaga, grunneigarane og kommunen. Administrasjonen støttar standpunktet til grunneigarane og elveeigarlaga om at vasstanden er viktig for fiskebestanden og for å hindre gjengroing, og bør ikkje neglisjerast. Ber derfor om at Tussa innføre minstevassføring i desse vassdraga.

Likestillingsmessige sider ved saka: ingen kjende
Konsekvensar for folkehelsa: ingen kjende
Miljøkonsekvensar: ingen kjende
Økonomiske konsekvensar: ingen kjende
Beredskapsmessige konsekvensar: ingen kjende
Konsekvensar for barn og unge: ingen kjende

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør